

NF-samfunnspolitisk utvalg
Sak til Rep.skapmøte 03.03.2023

Norsk Folkehjelp sine samarbeidspartnerar i Sør Afrika lever i ein stadig vanskelegare kvardag. Etter avskaffinga av apartheidlovverket i 1994, såg me utsiktene til eit samfunn med like rettar for alle, uansett etnisk opphav. Dette har ikkje skjedd, og over dei åra som har gått har skilnaden mellom fattige og rike auka i eit slikt monn at Sør Afrika er eit av dei landa med størst økonomiske skilnader i verda.

Fengslingar og drap på medlemmer av grasrotorganisasjonar som til dømes Abahlalibasemjondolo (AbM), organisasjonen som kjempar for rettane til folk som bur i uformelle busetnader, som har over åra sidan oppstarten i 2005 fått 24 av sine leiarar myrda, av dei fire aktive medlemmer og leiarar myrda berre i 2022.

- Siyabonga Manqele, mars 22
- Ayanda Ngila, mars 22
- Nokuthula Mabaso, mai 22
- Lindokuhle Mnguni, august 22

I tillegg blir aktivistar i organisasjonen arrestert og fengsla basert på falske og fabrikkerte anklager. Desse drapa, ugjerningane og overgrepa frå styresmaktene lokalt og nasjonalt må opphøyra! Norsk Folkehjelp må auka fokuset på situasjonen i Sør Afrika gjennom:

- å setja lys på situasjonen for sivilsamfunnet i landet for norske styresmakter,
- å be norske styresmakter krevja lauslating av urettmessig fengsla aktivistar,
- å krevja stans i vidare fengslingar av aktivistar basert på falske anklager,
- å krevja etterforskning og domfelling av menneska bak drapa på aktivistar i AbM og andre sivilsamfunnsaktørar og fagforeiningar.

Norsk Folkehjelp Sunnhordland
Tor Djuve